



# ØYGARDEN 2020

Magasin for tilsette i kommunane Sund, Fjell og Øygarden



## Overtok som leiar av fellesnemnda

Den 1. februar overtok Fjell-ordførar, Marianne Sandahl Bjørøy, vervet som leiar av fellesnemnda.



## Politisk støtte til administrativ organisering

Både i partssamansett utval og i fellesnemnda fekk prosjektrådmann Rune Lid solid støtte for korleis den nye kommune skal organiserast administrativt.



# - Eg forstår dei som er urolege for situasjonen sin

**Marianne Sandahl Bjorøy har mykje å tenkja på i desse dagane. Ho er ordførar i Fjell, og ho leiar fellesnemnda for Nye Øygarden kommune. Og saman med mange andre står ho framfor ein krevjande valkamp.**



For tre veker sidan behandla fellesnemnda saka om administrativ organisering nivå to. Då vart det fatta eit viktig vedtak om korleis den nye kommunen skal organiserast. Mange veit allereie no kvar dei skal arbeida og kva dei skal arbeida med i den nye kommunen frå nyttår av. Men det er også ganske mange som ventar på denne avklaringa.

dette. Dette er slått fast for at dei tilsette skal vera trygge for framtida si. Likevel; nokre vil få andre oppgåver, seier Marianne Sandahl Bjorøy.

Ho understrekar at sjølv om det er sett ein siste frist for avklaring den 30. oktober, vil spørsmålet om lokalisering i mange tilfelle vera avklart før oktober.

- Kommunesamanslåing er krevjande, og eg forstår at mange medarbeidarar er urolege for situasjonen sin. Eg veit at dei tilsette i dei tre kommunane ventar utolmodig på avklaringar kvar tenestene, og dermed arbeidsplassane for mange, skal vera lokaliserte. Eg har lyst til å minna om det som står i intensjonsavtalen om at ingen skal mista jobben sin og at alle skal behalda løna si. Omstillingsavtalen, som har ei lengd på to år, regulerer

Leiaren av fellesnemnda innser at nokre finn ein ny jobb i ein omleggingsfase som dette. No er prosjektleiinga inne i ein fase der tilsette skal plasserast i stillingar.

- Det er viktig at dei tilsette viser fram kompetansen og ressursane sine og gjev uttrykk for sine ønske kva dei skal arbeida med.

Ho minner om at det er gjevande å få vera med på å skapa noko nytt.

## Innhald

- Marianne Sandahl Bjorøy forstår at dei tilsette er urolege for situasjonen sin
- Kva vil vi med dette bladet?
- Politisk støtte til administrativ organisering
- Behov for valmedarbeidarar
- Nytt frå fellesnemnda
- Seks tilsette om forventningar til Nye Øygarden kommune
- Slik skal den nye kommunen organiserast administrativt
- Overtok som leiar av fellesnemnda
- Administrativ organisering: Økonomi, Organisasjon og digitalisering, Helse og velferd, Kultur og samfunn og Oppvekst
- Dette er kommunalsjef for Økonomi
- Lunsjpraten: Fjell kulturskule
- Informasjon frå tillitsvalde
- Kva skjer nå?



Urtemakeriet på Algrøyna, Fjell



Kleppesjøen, Sund

**Copyright 2019 - Øygarden 2020**

**Trykk:** Molvik Grafisk AS

**Opplag:** 3.550

**Redaksjon:** Vigleik Brekke (red.),

Kaja Pedersen, Jarle Kåre Oen,

Trude Erstad Villanger, Hildegunn

Høyland, Monica Hovland og Line

Markhus

**Grafisk utforming:** Monica Hovland

**Foto:** Jøran Ingvaldsen, Vigleik

Brekke, Kjell Andersland, Ingunn

Teigen, Øygarden kommune, Sund

kommune, Monica Hovland, Stig

Guntveit, Pixabay og Colourbox.



## Kva vil vi med dette bladet?

Med bladet Øygarden 2020 ønskjer prosjektleiinga for Nye Øygarden å gje informasjon om arbeidet med å byggja ein ny kommune. Dette vert gjort i samarbeid med representantar frå organisasjonane til dei tilsette. I dette bladet prioriterer vi informasjon som er relevant for dei tilsette i Sund, Fjell og Øygarden.

Øygarden 2020 skal etter planen koma ut med fire årlege utgåver fram til utgangen av 2019. Oppdatert informasjon vil du finna på: [nyeoygardenkommune.no](http://nyeoygardenkommune.no) og Facebook-sida vår.

- Det vert både spennande og krevjande å jobba i den nye kommunen. Ikkje alle får høve til å vera med å byggja opp ein ny kommune slik vi gjer no. Vi får vera med å utvikla gode tenester og leggja til rette for nye arbeidsplassar. Alt dette får vi gjera i det som vert den nest største kommunen med 40 tusen innbyggjarar i Nye Vestland fylke. Vi vert ei viktig røyst inn mot Bergen, fylket og sentrale styresmakter som følgje av at vi er ein stor kommune som ligg nær opp til ein storby, seier Sandahl Bjørøy.

### God involvering

- Korleis vil du seia dei tilsette er involverte i arbeidet med å byggja Nye Øygarden kommune?

- Etter mi oppfatning er dei tilsette involverte på ein god måte. Prosjektrådmannen har hatt jamlege møte med dei tillitsvalde og vernetenesta. Dei er godt representerte i overordna styringsgruppe, partssamansett utval, alle dei fem hovudprosjekta og mange av delprosjekta. Medverknaden er teken i vare på ein god måte, meiner leiaren av fellesnemnda.

Marianne Sandahl Bjørøy innser at det den siste tida i stor grad har handla om den administrative organiseringa. Men det er ingen tvil

om at kommunesamanslåinga er politisk styrt.

- Vi ønskjer å gjera vedtak knytt til utviklinga av tenestene og leggja grunnlaget for å byggja den nye kommunen. Dette ønskjer vi å setja stempelet på. No går vi inn i ein fase der politikarane i større grad kan ta ei sentral rolle i overgangen til den nye kommunen. Det handlar om å sikra kvalitet på tenestene og gjera nødvendige økonomiske prioriteringar, seier ho.

Leiaren av fellesnemnda meiner at det er gjort eit godt arbeid så langt og at fellesnemnda har gjort gode vedtak.

- Trass i politiske diskusjonar, har vi kome til gode konklusjonar. Vi har røysta etter det vi tykkjer er best for den nye kommunen. Det har vore viktigare enn geografi og kva kommune vi no høyrer til. Dei to andre kommunane, Sund og Øygarden, har fleirtal i fellesnemnda med ni av 17 medlemmer, men dei har ikkje utnytta dette negativt, seier Sandahl Bjørøy som opplever godt samarbeid med dei to andre ordførarane.

### Ønskjer å skapa begeistring

Det er no ei svangerskapslengde til den nye kommunen er ein

realitet. Fellesnemnda har oppretta ein programkomité som skal arbeida med ei rekkje tiltak og arrangement som engasjerer innbyggjarane, og det er Marianne Sandahl Bjørøy som skal leia komitéen.

- Vi ønskjer å skapa begeistring for Nye Øygarden kommune gjennom mange fellesarrangement. Det handlar om folkemøte, felles fjellturar og ei rekkje andre arrangement der vi sveisar oss saman og etablerer gode venskap. Eg set pris på at fleire lag og organisasjonar allereie har teke kontakt for å invitara til samarbeid om fellesarrangement. Vi legg vekt på at dette skal verta ein folkefest der alle skal vera med. Den store folkefesten vert laurdag 4. januar, opplyser leiaren av programkomitéen.

Sandahl Bjørøy likar å strikka og gler seg over mange vil strikka Øygardsgenseren.

- Astrid Tellnes i Sotra Husflidslag har uttalt at 10 prosent av innbyggjarane i dei tre kommunane burde få seg ein slik genser. Det betyr fire tusen genserar, tja kvifor ikkje. Det ville vore eit flott syn om ein stor flokk engasjerte innbyggjarar vandra på tur saman i den flotte genseren, seier leiaren av fellesnemnda.



# Politisk støtte til administrativ organisering

Både i partssamansett utval (PSU) den 8. mars og i fellesnemnda den 11. mars fekk prosjektrådmann Rune Lid brei politisk støtte for korleis Nye Øygarden kommune skal organiserast administrativt.



PSU er samansett av ni politikarar og seks representantar frå dei tillitsvalde. PSU vedtok med åtte røyster å visa til sak i fellesnemnda av 18. juni i fjor der det vart gjeve fullmakt til prosjektrådmannen med å byggja opp organisasjonen i samsvar med måla i intensjonsavtalen og andre vedtak i fellesnemnda. Mindretalet, dei seks representantane for dei tilsette, røysta for å ta saka om administrativ organisering til orientering slik det går fram av saksutgreiinga.

PSU vedtok samrøystes å be prosjektrådmannen å sikra framdrift i det vidare arbeidet med etablering av Nye Øygarden kommune. Akademikerne leverte inn ein protokolltilførsel.

## Presenterte framlegget til organisering

Både i PSU og fellesnemnda hadde prosjektrådmann Rune Lid hadde ein grundig presentasjon av arbeidet med den administrative organiseringa etter at fellesnemnda i juni fjor gjorde vedtak om nivå eín.

- Det har vore eit mål å arbeida for vi-kjensle i

denne prosessen. Det har vore entusiasme og stort engasjement. Det er gjort eit godt arbeid i delprosjekta, hovudprosjekta og i overordna styringsgruppe, sa Lid.

Han hadde forståing reaksjonane på at organisasjonane hadde ein kort høyringsfrist etter at hovuddokumentet vart offentleggjort i slutten av februar, men viste til at dette var nødvendig for å sikra framdrift og at dei tilsette skal vera plasserte i stillingar før sommarferien. Ei utfordring i arbeidet med organiseringa er at dei fleste fagmiljøa ønskte å samla seg i eiga eining direkte knytt opp mot nivå eín.

## Mange høyringsfråsegn

Det kom inn mange høyringsfråsegn frå organisasjonane og avdelingar i kommunane. I mange av fråsegnane vert det peika på at høyringsfristen var svært kort. Fleire organisasjonar og avdelingar er kritiske til å splitta opp tenester og dela tenester i fleire soner. Fleire høyringsinstansar peikar på at det burde vore oppretta fleire avdelingar. Det er også stilt spørsmål knytt til opprettinga av assisterande kommunalsjefar.



Straume sjøfront, Fjell

## Støttar opp om framlegget

I drøftinga i PSU gav politikarane uttrykk for at dei støttar opp om det arbeidet som er gjort og at dette samsvarar med fullmakta som vart gjeve av fellesnemnda i juni i fjor. Dei hadde forståing for at dette er ein krevjande prosess og krevjande for dei tilsette, men at det har vore ein god prosess.

Representantane frå dei tilsette gav også tilbake-melding på at det har vore ein stor takhøgde i prosessen, til dømes i overordna styringsgruppe, trass i at ein ikkje har vore samde om alt. Dei var likevel tydelege på at fristen for å gje uttale til framlegget om administrativ organisering var kort og at det var vanskeleg å samordna høyringsfråsegn.

Ein del opplever seg utrygge for framtida. Dei minna også om at politikarane også har eit overordna ansvar for at dei tilsette kan levera gode tenester. Det vart også peika på at mange ikkje kjende igjen i hovudprosjektet det dei hadde produsert i delprosjekta. Synspunktet på at politikarane har eit overordna ansvar for dei tilsette vart også stadfesta frå politiske representantar i PSU.

Tema som vart tekne opp i innlegga var plassering av barn, unge og familie, kulturskulen, IKT, personalavdeling, HMT, arkiv, beredskap, informasjon og splitting av fagmiljø. Representantar frå dei tilsette var også opptekne av at synspunkta i fråsegnene vert tekne med i det vidare arbeidet, mellom anna ved utarbeidinga av delegeringsreglementet.

## Fellesnemnda

Prosjekt rådmann Rune Lid hausta også mykje ros då saka om administrativ organisering av Nye Øygarden kommune stod på sakskartet i fellesnemnda nokre dagar etter behandlinga i PSU. Fellesnemnda tok saka til orientering og viste til sak frå juni 2018 då prosjekt rådmannen fekk fullmakt til å byggja opp organisasjonen.



# VAL

Nye Øygarden kommune vil ha behov for valmedarbeidarar på valdagen 9. september. Den nye kommunen har til saman 17 vallokale og treng valmedarbeidarar i dei fleste av desse. Vi startar rekruttering i første halvdel av april og informasjon om korleis du melder deg som valmedarbeidar finn du på nettsida til Nye Øygarden kommune [www.nyeoygardenkommune.no](http://www.nyeoygardenkommune.no)





Gitarløypa «Ord i spreke spor», Sund



Turøyvarden, Fjell

## Nytt frå fellesnemnda

### 17. desember

- Fellesnemnda vedtok på møtet den 17. desember at dei tilsette i Nye Øygarden kommune skal ha forsikra løysing i KLP.
- Det vart vedteke å løyva inntil 200 tusen kroner til finansiering av standen Nye Øygarden kommune hadde på OTD-messa i oktober.
- Fellesnemnda fastsette ramme for totalkostnad med nytt ordførarkjede til 200 tusen kroner eksklusive meirverdiavgift.
- Det vart vedteke å setja av 300 tusen kroner til tiltaket «Elev i Nye Øygarden» i budsjettet for 2019.
- Fellesnemnda vedtok at eit utval samansett av dei tre ordførarane får fullmakt til å følgja opp arbeidsgjevaransvaret for prosjektrådmannen.

### 11. februar

- Fellesnemnda vedtok uttale om driftsbudsjettet for dei tre kommunane og sa mellom anna at samla driftsbudsjett er stramt og krevjande og noko unna målsetjinga om økonomiske balanse.
- Fellesnemnda tok prosjektrapportane om administrativ organisering til orientering.
- Fellesnemnda vedtok at det skal gjennomførast avklaringsrundar med BIR AS (renovasjonsselskap i bergensområdet) før det vert gjort endeleg vedtak om renovasjonsleverandør.

- Det vart vedteke å oppretta eit interimsstyre som skal stå for arbeidet med å kvalitetssikra og samordna prosessen med å fusjonera dei to selskapa Sund VA og FjellVAR.
- Det låg føre utkast til vedtekter for føretaket «Øygarden brann og redning (ØBR IKS)». Fellesnemnda legg til grunn at utkastet kan vera eit god grunnlag før endeleg vedtak. Forslaget vert sendt til ØBR IKS for vidare diskusjon, drøfting og uttale.
- Fellesnemnda vedtok med 11 mot seks røyster budsjett for 2019 med ei ramme på 710 tusen kroner for tiltak knytt til arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet.
- Det vert oppretta ein programkomité som skal utarbeida ein arrangementsplan og budsjett for å finansiera tiltak knytt til overgangen til ny kommune. Budsjettet vert lagt fram for godkjenning i fellesnemnda.

### 11. mars

- Fellesnemnda behandla saka om administrativ organisering (sjå eigen artikkel).
- Fellesnemnda slutta seg til tilrådinga frå interimsstyret for MOT i Nye Øygarden om hovudaktivitetar for MOT-arbeidet i den nye kommunen.
- Fellesnemnda tok årsmelding for Nye Øygarden 2018 til orientering.

Fellesnemnda vert sendt direkte på nett-TV. På nettsida finn du også opptak frå desse møta.

[nyeoygarden.kommunetv.no](http://nyeoygarden.kommunetv.no)

# Kva forventning har du til Nye Øygarden kommune?

## Renate Langedal

Vaktmeister, elektrofag | Øygarden kommune



*Eg er oppteken av at dei eldre i kommunen får oppretthalda tenestene sine og får den hjelpa dei treng. Ikkje alle er kopla fullt ut på «digitaliseringa». Samstundes håpar eg at det kan verta desentraliserte tenestestader som vert lokaliserte både til Sund og «gamle» Øygarden. Den nye kommunen blir langstrakt med mange småe og avsidesliggjande bygder. Nærtenestepriinsippet vert då viktig.*

## Sigrid Mohn Kleppe

Kontormedarbeidar | Sund Eigedomsutvikling KF



*Det vert spennande tider framover. Eg håpar på positivt samarbeid med dei andre bustad-einingane. Eg håpar at vi alle får vita meir om organisering på vårt felt.*

## Trude Senneseth

Koordinator for kommunepsykologane | Fjell kommune



*Det vert store endringar for alle. Som psykolog veit eg at endring alltid er krevjande. Når det vert så store endringar, for så mange, på så kort tid, forventar eg at vi alle må tåla meir frustrasjon enn vanleg både i oss sjølv og frå andre. Samtidig gler eg meg til å få mange nye greie kollegaer frå dei to nabokommunane våre. Eg forventar at vi klarer å løfta blikket når vi skapar dei nye tenestene. Eg håpar at vi skapar ein organisasjonsstruktur og kultur rigga for å tåla og ta opp i seg kontinuerlege behov for endringar og livslang læring. Særleg forventar eg ein struktur og kultur for å aktivt lytta til innbyggjarar. Det vert viktig å kunna kjenna på tryggleik, tilhørslse, meistring og høve til deltaking, både for innbyggjarar og for tilsette.*

## Anne Berit Birkeland

Ingeniør - Teknisk, plan og forvaltning | Øygarden kommune



*Eg håpar at Nye Øygarden kommune vert ein digital «leiar» i kommunesamanheng, og at det vert jobba mykje med å få effektive prosessar for alle arbeidsområde. Dette vil koma både tilsette og innbyggjarar til gode. Det skal verta kjekt å ta del i eit større fagmiljø og få nye utfordringar! Nye Øygarden kommune vil bli meir robust med større fagmiljø, leiarar som har tid til å leia, og vil dermed kunna gje betre tenester til innbyggjarane. Eg forventar også positive effektar av at næringslivet vert samla i ein kommune.*

## Remi Gundersen

IT lærling | Sund kommune



*Remi Gundersen skal ta fagbrev i august og har eit sterkt ønske om å få mulighet å jobba vidare med faget i Nye Øygarden kommune. Eg er nysgjerrig og vil gjerne læra meir, for faget er i stadig utvikling. Det har vore interessant og kjekt og ha læretida i Sund kommune.*

## Kjell Erik Gjerstad

Lærer | Fjell kommune



*Eg er positiv til kommunesamanslåing og tenkjer at det kanskje vert mindre byråkrati og meir pengar til brukarane våre. Det er spennande med tanke på arbeidsplassen, og det er litt usikkert og. Vi er ein alternativ ungdomsskule og vi servar Tranevågen og Fjell ungdomsskular. Kanskje vil skulen vår verta organisert på ein annan måte, kanskje vert vi to Gangstø-skular i den nye kommunen.*





# Slik skal Nye Øygarden organiserast administrativt

**Den 11. mars behandla fellesnemnda prosjektrådmannen sitt framlegg til administrativ organisering. Fredagen før var saka til behandling i partssamansett utval (PSU). Sjå eigen artikkel om dette.**

Dokumentet baserer seg på eit omfattande arbeid med brei involvering i fem hovudprosjekt og 35 delprosjekt. Overordna styringsgruppe har i februar behandla, vurdert og drøfta rapportane frå hovudprosjekt og delprosjekt i ein heilskapleg samanheng opp mot føringane i intensjonsavtalen og tidlegare vedtak om overordna administrativ organisering på nivå 1. På denne bakgrunnen har overordna styringsgruppe teke avgjerd om organisering innan dei fem kommunalsjefområda som avvik noko frå hovudprosjekta sine rapportar.

Styringsgruppa vedtok følgjande den 26. februar: *Overordna styringsgruppe konkluderer med at det har vore jobba godt under knappe tidsfristar. Det har vore opne og gode diskusjonar med stor takhøgde. Tillitsvalde, hovudverneombod og leiarar har måtta gje og ta. Gruppa er samd i at dokumentet som no ligg føre vert lagt ut på høyring til alle arbeidstakarorganisasjonane v/hovudtillitsvalde. Dei tillitsvalde gjer prosjektrådmannen merksam på at dei ikkje er samde i alle delar av dokumentet, noko dei vil peika på i høyringa.*

Prosjektrådmann Rune Lid er imponert over innsatsen.

- Tusen takk til alle som har bidrege og gjort ein

ekstraordinær innsats i delprosjekt, hovudprosjekt og overordna styringsgruppe! Eg er imponert over innsatsen dykkar, vel vitande om at de samstundes har utført daglege oppgåver i eigen kommune. Dette set eg stor pris på!

Overordna styringsgruppe har vore samansett slik:  
**Prosjektrådmann**

- Rune Lid

**Rådmann**

- Siri F. Pettersen

**Prosjektleder/ kommunalsjefar**

- Helse og velferd: Åse Vik/ Line Barmen
- Økonomi: Svend Fredrik Untiedt
- Organisasjon og digitalisering: Lillian Torsvik
- Kultur og samfunn: Lennart Fjell/ Råmund Skjold
- Oppvekst: Jon Erik Egeland/ Anne Merete Vabø Haugane

**HTV / HVO**

- Solveig Rong (LO)
- Anne Grethe Andersen (Delta YS)
- Nina Zandstra (Unio)
- Lars Sverre Hausnes (Akademikerne)
- Trude Erstad Villanger (HVO)



Håkholmen ved Forlandsvåg, Sund



Gang- og sykkel tunnel i Kystbygarasjen, Fjell





Tednebyggane, Øygarden



## Overtok som leiar av fellesnemnda

**Den 1. februar overtok Fjell-ordfører, Marianne Sandahl Bjorøy, vervet som leiar av fellesnemnda.**

Dermed kunne ordfører i Øygarden, Børge Haugetun levera stafett-pinnen til den nye leiaren. Denne gongen var det den raude nynorskstafett-pinnen som vart brukt.

Marianne Sandahl Bjorøy skal leia fellesnemnda fram til kommunevalet i september.

– No går vi inn den siste fasen av arbeidet med å byggja ein ny kommune. Oppgåvene er mange og krevjande, og no er det viktig at alle står saman og arbeider mot det same målet, nemleg Nye Øygarden kommune, sa Sandahl Bjorøy då ho overtok vervet av fellesnemnda.

Ho rosar det arbeidet som er gjort så langt.

– Mine to forgjengarar og kollegaer har lagt ned ein stor innsats med å leia fellesnemnda dit vi er i dag, og no er det mi oppgåve å byggja på det gode grunnlaget som er lagt, seier den nye leiaren av fellesnemnda.

Sund-ordfører Kari-Anne Landro leia fellesnemnda i perioden oktober 2017 til utgangen av mai 2018. Børge Haugetun var leiar av nemnda frå første juni 2018 til utgangen av januar 2019. Det var på fellesnemnda i oktober 2017 at det vart avgjort å dela på leiarvervet.

# Økonomi



Kommunalsjef for Økonomi  
Anne Erdal

Stabsområdet omfattar i hovudsak tenester innan følgjande område:

- **Økonomistyring:** budsjett, finans og eigedomsskatt, rekneskap og økonomisk internkontroll og løn
- **Innkjøp og investering**
- **Kemner**


Kommunalsjefområdet har om lag 35 årsverk.

Stabsområdet har ei rekkje oppgåver med grenseflater mot oppgåvene til andre kommunal- og stabsområde. Det vert difor føresett god samhandling på tvers og samhandling der dette er formålstenleg.



Organisasjonskartet har som formål å skissera leiarstrukturen. Dei ovale boksane i organisasjonskartet er førebelse. Desse kjem ein tilbake til.

## Organisasjonskart for Økonomi





# Organisasjon og digitalisering



Kommunalsjef for Organisasjon og digitalisering Sissel Iren Nesse

Visjonen om den nye kommunen som fyrtårn i vest, auka digitalisering og publikumsretta tenester skal vera nær brukarane ligg til grunn for organiseringa av dette kommunalsjefområdet. Det er viktig å trygga resten av organisasjonen på at stabane er gode på drift, service og utvikling.

Stabsområdet omfattar:

- **Drift:** IKT, dokumentbehandling/ sentralarkiv og personalforvaltning
- **Service:** Innbyggjartorg, politisk sekretariat, forvaltning og saksbehandling, eigarstyring, informasjon/kommunikasjon, næringslivskontakt, brukarstøtte (IKT, personal og arkiv),


og kommuneadvokat

- **Utvikling:** forskning og utvikling, digitalisering, personalutvikling og overordna internkontroll
- **Tryggleik:** beredskap, overordna internkontroll, HMT, personvern (GDPR) og informasjonstryggleik

Kommunalsjefområdet har om lag 65 årsverk.

Organisasjonskartet har som formål å skissera leiarstrukturen. Dei ovale boksane i organisasjonskartet er førebelse. Desse kjem ein tilbake til.

## Organisasjonskart for Organisasjon og digitalisering



# Helse og velferd



Kommunalsjef for Helse og velferd  
Line Barmen

Kommunalsjefområdet Helse og velferd er eit breitt samansett område med fleire ulike tenesteområde. Tenestene som er føreslått organiserte i dette kommunalsjefområdet er:

- **Koordinerings-senter:** forvaltning, koordinering, fagstøtte, bustadkontor, m.v.
- **Sjukeheimar:** omsorgsbustad med og utan heildøgnteneste og dagtilbod/arbeid og aktivitetstilbod
- **Rus og psykisk helse:** psykolog-teneste til vaksne


- **Flyktingteneste**
- **Helse, meistring og rehabilitering**
- **Tenester til menneske med nedsett funksjonsevne**
- **NAV (kommunal del)**
- **Heimetenester**
- **Lokalmedisinsk senter:** Aksjonssenter
- **Legeteneste og legevakt**

Kommunalsjefområdet har om lag 850 årsverk.

Organisasjonskartet har som formål å skissera leiarstrukturen. Dei ovale boksane i organisasjonskartet er førebelse. Desse kjem ein tilbake til.



## Organisasjonskart for Helse og velferd





# Kultur og samfunn



Kommunalsjef for Kultur og samfunn  
Råmund Skjold

Kommunalsjefområdet omfattar følgjande tenester:

- **Kultur:** Kulturskulen, Bibliotek/ frivilligsentral, Fritid, MOT og kultur
- **Plan og folkehelse:** Miljø og ressursforvaltning og Kart og oppmåling
- **Eigedom, drift og vedlikehald:** Byggedrift og Samferdsle og transport
- **Byggesak**
- **Reinhald**

Kommunalsjefområdet kultur og samfunn har om lag 260 årsverk.

I organisasjonskartet til Kultur og samfunn er det lagt inn fagstab. Når det gjeld avklaring av oppgåver og innhald til

desse fagstabane vert det vist til at prosjektrådmannen har behov for noko meir tid til å utgreia dette temaet. Kommunalsjefområdet har ei rekkje oppgåver som føreset tverrfagleg samhandling med andre kommunalsjefområde , til dømes reinhald, drift og vedlikehald.

Kommunalsjefområdet vil og ha samhandling med tenester og oppgåver der det er vedteke organisering i kommunalt føretak (KF)/aksjeselskap (AS):


- ØyVA(R) AS
- Nytt KF for utleigebustader
- Øygarden brann og redning KF
- Øygarden næringselskap AS



Turløype ved Kvednavatnet, Fjell

Organisasjonskartet har som formål å skissera leiarstrukturen. Dei ovale boksane i organisasjonskartet er førebelse. Desse kjem ein tilbake til.

## Organisasjonskart for Kultur og samfunn



# Oppvekst



Kommunalsjef for Oppvekst  
Anne-Merethe Vabø Haugane

Kommunalsjefområde for Oppvekst  
omfattar

- **Barnehagar**
- **Grunnskular og SFO**
- **Vaksenopplæring**
- **Helsetenester for barn og unge:**  
Helsestasjon, skulehelseteneste,  
jordmorteneste, kommunepsykolog  
0 – 23 år og andre førebyggjande  
tiltak
- **PPT**
- **Barnevern, barnevernsvakt og  
krisesenter**

- **Fagstab**

Kommunalsjefområdet har om lag 1450  
årsverk.

I tillegg er det ein privat skule, 14 private  
barnehagar, nokre familiebarnehagar og  
opne barnehagar.

Organisasjonskartet har som formål  
å skissera leiarstrukturen. Dei ovale  
boksane i organisasjonskartet er  
førebelegg. Desse kjem ein tilbake til.

## Organisasjonskart for Oppvekst







## Dette er kommunalsjefen for Økonomi

**Anne Erdal (54) er tilsett som kommunalsjef for Økonomi i Nye Øygarden kommune.**

Erdal kjem frå stillinga som kommunalsjef økonomi i Ullensvang herad og bur i Odda. Før det var ho økonomisjef i Odda kommune i 11 år. Ho er utdanna siviløkonom frå Norges Handelshøyskole.

- Kva var dei første tankane som svirra i hovudet på deg då prosjektrådmann Rune Lid sa du hadde fått jobben?

- Dette er eit unikt høve til å vera med å byggja ein heilt ny kommune saman med leiargruppa, dei tilsette og dei tillitsvalde. Takk for at det var eg som fekk denne moglegheita! Eg ser fram til å ta til i jobben og verta kjent med dei andre i leiargruppa og resten av organisasjonen.

- Kva vert det viktigaste no i starten når de skal byggja eit sterkt og godt leiarteam?

- I bygginga av den nye kommunen må vi ta vare på det beste frå dei gamle kommunane, samstundes som vi ser på nye og meir effektive løysingar. Digitalisering vil her vera sentralt. Eg er oppteken av utvikling gjennom gode prosessar og medverknad frå dei tilsette. Hovudmålet må vera at innbyggjarane skal få gode tenester innanfor dei økonomiske rammene som vi har til rådvelde.

Anne Erdal kan ta til i stillinga 1. juni. Med denne tilsetjinga er alle dei fem kommunalsjefane i Nye Øygarden på plass.

# Lunsjpraten: - Vi drøymmer om eit skikkeleg kulturskulebygg

14 tilsette på Fjell kulturskule ventar på to utsende skrivarar frå Øygarden 2020. På basen for kulturskulen på Liljevatnet skule møter skrivarane kulturskuletilsette som elsker jobben sin, drøymmer om framtida og som set kultur og utvikling av eleven i sentrum.



Bilete frå venstre; Hallgeir Fiskaaen, Hildegunn Høyland, Ingvill Espedal, Åshild Eriksen, Malgorzata Osypinska, Anett Omdahl Skansen, Nina Wu, Olena Svatyeva, Guro Haugen, Inge Solsvik, Camilla Norderud, Berta Myklemyr, Bodil Østmo-Sætre, Sølvi Otterlei Dahle og Ina Kristin Johnsen Olsen.

- Arbeidet vi gjer i kulturskulen er svært viktig for mange barn og unge som gjerne opplever meistring berre gjennom teikning, form, farge, drama, dans eller musikk, seier dei.

Dei tilsette håpar kulturskulen vert stor, viktig og synleg for alle i den nye kommunen. Skulen må verta eit ressursenter for heile kommunen i mykje større grad enn i dag. Dei fortel om tida då kulturskulen hadde eige lokale i Knarrevik med plass til halvferdig arbeid og nødvendig utstyr.

- Det var utruleg bra å ha ein slik møteplass for elevane og for dei tilsette. Vi hadde gode kunstrom og fekk til og med pris for arbeidet vårt. I den nye kommunen ønskjer vi oss eit skikkeleg kulturskulebygg. Idretten har gode arenaer for fotball, handball, turn, boksing. Vi ønskjer at kulturskulen også skal ha ein stad der undervisninga vert samla i gode eigna lokale. Vi synest det er viktig å få fram at elevane våre må kjenna på at dei høyrer til i eit miljø og at dei kan koma til ein stad der dei kan få vener med felles

interesser, seier dei ivrige kulturskulefolka.

## Her er det plass til alle

Dei fortel at kulturskulen bidreg til å utvikla heile mennesket. Kultur er viktig i seg sjølv. Her skjer det mykje førebyggjande ungdomsarbeid, og det er plass til alle typar elevar.

- I eit musikkmiljø opplever elevane meistring og dei får ei meningsfull fritid. Her treff dei andre med felles interesser og skapar ting. Dette er positivt for barn og unge, seier lærar på slagverk Inge Solsvik.

Danselærar Malgorzata Osypinska håpar at den nye kommunen kan tilby dans og ballett i lokale som er eigna til føremålet, med «svikt» i golvet og med spegel.

- Vi er i dag tre ulike kulturskular som skal verta til ein skule. Vi ønskjer å halda fram med undervisning i alle delane av kommunen. Vi ønskjer å ha basar i nord og sør, og ser for oss at vi har hovudbase sentralt,





MUSIKK



KORSONG

gjerne på Liljevatnet, men i alle fall i nærleiken av kollektivtransport. Då kan ungdomane koma seg til og frå undervisninga på eiga hand, gjerne rett etter skuletid. Det viktigaste for oss er at vi i den nye kommunen har eigna lokale for å driva ein god kulturskule, seier fleire av dei tilsette.

### - Vil vi forsvinna i Kultur og samfunn?

Dei viser til gode lokale på Spildepolden i Sund og gode dans og dramalokale i Øygarden. Ungdom treng møteplassar, ein stad dei får fellesskap og kjenna på at dei høyrer til i eit miljø.

- Vi drøyer om at i Nye Øygarden kommune får vi eit kulturhus for alle typar kulturell aktivitet som kan verta som eit energisenter, ein samleplass som utviklar alle og gjev høve til tverrfagleg samarbeid for folk i alle aldrar. Det er viktig for oss å være synlege. Vi er litt redde for at vi forsvinn i Kultur og samfunn (red. merkn.: kommunalsjefområdet som kulturskulen skal organiserast under). Vi treng at nokon talar saka vår, seier dei.

Kulturskulemedarbeidarane på Liljevatnet understrekar kor viktig det er at kulturskulen får behalda eigenarten sin. Elevane treng å møtast, ikkje berre ha enkeltundervisning.

- Vi ønskjer også å ha halda fram med og vidareutvikla tverrfagleg samarbeid med barnehagar, skular, psykisk utviklingshemma og eldre, seier dei.

Formingslærer Sølvi Otterlei Dahle seier at alle typar kunstnarleg verksemd byggjer mennesket på ein heilt annan måte. Det vert ei innoverreise der elevane får kontakt med seg sjølv på ein annan måte. Forsking viser at menneske som er tilført kultur i oppveksten, får eit rikare liv som vaksen.

- Vi har forventningar om deltaking i omstillingsprossessen som ligg framfor oss og at vi og får vera med og medverka i arbeidet med å lokalisera kulturskulen i Nye Øygarden kommune, seier lærarane.

Hildegunn Høyland og Trude Erstad Villanger



DRAMA

Dramalærer Anett Omdahl Skansen seier at drama-faget er mykje meir enn berre drama.

- Vi kjem tett på elevane og kan snakka med dei om ting som skjer på skulen, hjelpe dei og gje råd. Vi ser at elevane våre får vener frå andre skular i kommunen, seier ho.



KUNST

Kunstlærer Bodil Østmo-Sætre seier at lærarane i kulturskulen er viktig for elevane. Desse elevane er ikkje mellom dei som skrik høgast.

- Elevane våre treng å verta høyrte og sett. Dei fortener betre lokale, og vi håpar at i den nye kommunen vår vil vi få eit skikkeleg bra atelier der elevane kan utfalda seg og skapa kunst, seier Bodil.



# Informasjon frå tillitsvalde

**Det er vedteke at Nye Øygarden kommune skal organiserast etter ein to-nivå modell med fem kommunalsjefar og rådmann i nivå ein. Som eit ledd i førebuing til administrativ organisering av Nye Øygarden kommune er det oppretta ei gruppe kalla overordna styringsgruppe som skal samordna forslag til administrativ organisering.**

I overordna styringsgruppe er det tre rådmenn – den eine av dei også prosjektrådmann, fem kommunalsjefar, fire prosjektleiarar, fire hovedtillitsvalde, frå LO, UNIO, YS og Akademikerne og ein representant frå hovudverneomboda.

I arbeidet med strukturen i nivå to samanfatta prosjektrådmannen og prosjektleiarane innspel frå prosjektgruppene til eit utkast, som vart lagt fram til hovudorganisasjonane og vernetenesta i overordna styringsgruppe til drøfting. Med denne bakgrunnen har prosjektrådmannen teke avgjerd.

Overordna styringsgruppe har jobba med knappe tidsfristar. Det har vore opne diskusjonar med stor takhøgde. Gjennom diskusjonane har ein opplevd å verta tekne på alvor, men kor stor medverknad ein har hatt, kan ein stilla spørsmålsteikn med.

Organisasjonane var samd i at dokumentet vart lagt ut på høyring til alle arbeidstakarorganisasjonane ved dei hovudtillitsvalde, og meinte tidsfristen var for kort og ikkje i samsvar med normal praksis. Tillitsvalde har gjort klart gjennom høyring og ellers uttalt i samtalar i overordna styringsgruppe at det er mange delar av dokumentet dei ikkje er samde i.

Høyringsinnspela frå dei hovedtillitsvalde var dels sprikande, men likevel samanfallande på mange område. Prosjektrådmannen har gjort lite endring i organisasjonsplanen for nivå ein og to med bakgrunn i innkomne høyringsuttalar.

Plan for ny administrativ organisering vart lagt fram med innstilling til vedtak i partssamansett utval. Der gav dei hovudtillitsvalde uttrykk for at kort høyringsfrist hadde gjort det vanskeleg med felles uttale frå organisasjonane på tvers av kommunane.

Hovudtillitsvalde var særst nøgde med at det vert etablert ein ressurspool i koordineringssenteret som skal avhjelpa einingane ved behov for vikarar på kort og lengre sikt, og i tillegg bidra til å redusera uønskt deltid. Det same gjeld reinhald som vert sjølvstendig eining.

Det vart lagt fram ein protokolltilførsel når det gjeld innstillinga (sjå referat frå partssamansett utval). Fleire av høyringsinnspela som låg ved saka, vart teke opp igjen av dei hovudtillitsvalde, m.a. usemje om plassering av helsetenester for barn og unge, splitting av HR-avdeling versus brukarstøtte, behov for trygging av dei tilsette, at forskjellige funksjonar vert delte mellom stabsavdelingane drift og service, og å splitte funksjonane vil svekka kvaliteten på tenestene IKT, arkiv og dokumenthandtering samt personalavdelinga.

Tillitsvalde peika på at når ein skal yta god service og brukarstøtte, må ein ha god kunnskap til drift, rutinar og vita korleis systema er bygde opp. Det trur vi ikkje ein får om ein ikkje arbeidar i fagmiljøet. Vi meinte også at ved å samla fagmiljøet i ei eining, kan ein utnytta ressursane betre. Vi meiner det er uheldig med manglande direktelinje frå beredskapsleiar/informasjonsleiar/HMT (helse, miljø og tryggleik) til rådmannen og at fagmiljøa må styrkjast og samlast. Fleire uttrykte også at ein ikkje ser behovet for assisterande kommunalsjefar og stabseiningar under kommunalsjefane, at det heller må satsast på å styrkja fagområda framfor å styrkja øvste leiarnivå.

Dei hovudtillitsvalde bad prosjektrådmannen ta med seg elementa i høyringsinnspela frå fagfelte inn i det vidare arbeidet og sjå dette i samheng med delegeringsreglementet om fordeling av mynde til leiingsnivåa i strukturen.

Prosjektrådmannen seier at organiseringsplanen slik den no ligg føre, ikkje nødvendigvis synleggjer den endelege løysinga, men at det er eit utgangspunkt og som må tilpassast.

De finn all informasjon på nettsida: [www.nyeoygardenkommune.no](http://www.nyeoygardenkommune.no) under møteinnkalling og protokoll (partsamansett utval).

# Kva skjer nå?

I prosjektet har vi no gått over i gjennomføringsfasen. Det er utarbeidd prosjektplaner for kva aktivitetar og oppgåver som må gjerast for at den nye kommunen skal vera i drift 01.01.2020, innan kvart kommunal-sjefområde (hovudprosjekt). Gjennomføringsfasen inneber store og små oppgåver som vert løyste med nye delprosjekt eller oppdrag til enkelte tilsette.

Sentrale milepælar er at assisterande kommunal-sjefar, einingsleiarar og leiar for stabsavdeling skal vera innplasserte/rekrutterte innan 30.04.19. Alle tilsette skal vera innplasserte/rekrutterte innan 21.06.19, og det skal takast avgjerd om lokalisering innan 30.10.19.


Dette er ein del av verksemdoverdraginga som handlar om å få dei tilsette overførte til ny arbeidsgjevar. Det vert no jobba med å detaljere korleis denne prosessen skal gjennomførast slik at det vert ein så god og trygg overføring som mogleg. Det vert utarbeidd ein rettleiar for denne prosessen. Når rettleiaren er behandla i overordna styrings-gruppe, vert han tilgjengeleg for alle tilsette. Sentrale gjeremål i denne prosessen er kompetanse-kartlegging og kartleggingssamtalar av dei tilsette som vert vesentleg berørt av ny organisering.



Morlandstø, Fjell



Rong, Øygarden



Illustrasjonsmodell frå DIFI med tilpassa informasjon frå Nye Øygarden kommune



## Kontaktinformasjon

**Rune Lid, prosjektrådmann**

Tlf.: 55 09 77 29

E-post: [rune.lid@nyeoygardenkommune.no](mailto:rune.lid@nyeoygardenkommune.no)

**Vigleik Brekke, redaktør**

Tlf.: 915 81 107

E-post: [vigleik.brekke@nyeoygardenkommune.no](mailto:vigleik.brekke@nyeoygardenkommune.no)



### Lunsjpraten med tilsette på Fjell kulturskule

Vi møtte kulturskuletilsette som elsker jobben sin, drøyer om framtida, og som set kultur og utvikling av eleven i sentrum.



### Økonomisjef er på plass

Anne Erdal (54) er tilsett som kommunalsjef for Økonomi i Nye Øygarden kommune.